Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Julenissen.

Oppskr. av: Hans Vidnes.

(adresse): Åheim.

Fylke: Møre- og Romsdal.

Herad: Vanylven.

Bygdelag: Fleire.

Gard: Serleg Vidnes.

G.nr. 24. Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både - og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fleire i ymse aldrar.

SVAR

1) Julenissen er „innførd" til bygda her, i blad og litteratur, og julеutstillingar o. s. l. i byane. Har blitt skikk dei siste 10-15 åra, men vore kjend i ca 30 år. På festar er han i högda 5-10 år, og mykje sjeldan brukt. Etter måten sjeldan i heimane og.

2) Han kjem inn med gåvene. gjerne i ein sekk, men får ingen ting.

3) Gjerne far eller bror. Han skal helst vere liten.

4) Raude-huve med dusk i, maske med kvitt skjegg. helst knebukse.

5) Ein lagar det sjölv.

6) Nei, ein brukar maske, det same kva slag det er. når ho berre er løya og ukjenneleg.

7) Nei.

8) Både den nye og gamle er „innførde" her. Vi hadde „tussen", (som eg før har fortalt om) „dragedokka",

5134

2 julegeita, julebukkane (fleirtal) og nyårsbukkane. „Dragedokka" tilsvara om lag tuftekallen.

9/ Nei, slike forteljingar hugsar ein ikkje her. „Før i tida" var i det heile for karrig her til at det i det heile kunne bli tale om gåver.

5134
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING